

# Filmprosjekt om Tysnes


**S**HANS OLE DALLAND

Dersom alt går etter planen, skal Kjell Magnus Økland i løpet av 1999 laga 4 korte dokumentarfilmar (video), alle med innslag frå Tysnes. Utval I (Oppvekst/omsorg) løyvde nyleg 4000 kroner til dette prosjektet.

Økland ynskjer å laga dokumentarfilmar frå fylgjande prosjekt, arrangement og markeringar: Eit forfattarjubileum, restaureringa av dei gamle og verneverdige sjøbuene i Våge, "Tysnes Rundt" i robåt og Båtlaget "Njord/ Tysnes" si Seglarveke.

Utval I ser positivt på Økland sine planar og meiner det er viktig for Tysnes-samfunnet at slike hendingar og høgdepunkt kan dokumenterast på film. Utvalet synest òg det er viktig at Tysnes kommunen søttar gode innspel og initiativ frå dei unge i kommunen.

Filmprodusenten skal få bruka kommunen sitt filmkamera, men han må sjølv ta redigeringskostnader m. m. Tysnes kommune vil ha filmene og råmaterialet i sitt arkiv, men Økland vil kunna nytta materialet til eit eventuelt større filmprosjekt om Tysnes seinare.



**Kjell Magnus Økland satsar på å laga 4 korte dokumentarfilmar (video) frå Tysnes i 1999.**